



Eikelandet Brygge sett frå fylkesvegen

Rundt påsketider startar salet for ålvor av halvparten av dei 8 bustadane som utgjer Eikelandet Brygge. Det gjeld dei 4 husa som ligg nærast sentrum i Uskedalen, opplyser Geir Rusten. Han overtok dette prosjektet etterat det hadde stått i stampe sidan lanseringa for 8 år sidan og endra husa frå funkis til sjøhusstil, med kvit kledning og raud takstein. Rusten meiner at endringa vil gjera salet lettare.



Dei fyrste husa nærmar seg fullføring. Dette er frå 1. høgda.

Han har hatt kontaktar som ber bod om god interesse for å satsa på dette særprega bustadkomplekset som set eit spesielt preg på denne delen av bygda. Spørsmåla har vore både frå lokalt hald, Stavanger og Bergen.

DNB står bak med omsyn til finansieringa, men det er opna for husbankfinansiering. Byggherre er Rustens heileigde selskap Vevos. Prisanslag er 2,5 millionar kroner.

Eikelandet Brygge kan vere både bustadvog fritidsbustad. Husa er i 2 1/2 høgda med ein hems på toppen. Alle har garasje og sportsbod og vert retta mot fjorden med eigen kai og brygge. Kvar bebuar får 8 meter til disposisjon.

I fyrste høgda er 'alt på eitt golv'. Det er stove og kjøken i open løysing, eitt soverom, bad, entre, utgang til kaia og brygge lagt til rette for livslangstandard.

I andre høgda er det stove med møna himling og glas heilt opp, 2 soverom, bad og utgang til stor terrasse som går mellom husa. Hemsen går heilt opp og kan til dømes nyttast til soverom.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen